



Møteprotokoll for Bjørgvin bispedømeråd

Møtedato: 05.09.2014

Møtestad: Bjørgvin bispedømekontor

Møtetid: 10:00 - 16:00

Møtedeltakarar	Råd
Berit Nøst Dale	BJØ
Cathrine Waaler Halstensen	BJØ
Egil Morland	BJØ
Halvor Nordhaug	BJØ
Inger Helene Thingvold Nordeide	BJØ
Ivar Braut	BJØ
Kari Synnøve Muri	BJØ
Nils Dagestad	BJØ
Tone Synnøve Øygard Steinkopf	BJØ

Forfall meld frå følgande medlem	Råd
Julie-Ane Ødegaard	BJØ

Følgande varamedlem møtte	Råd
Ingmar Ljones	BJØ

Saksliste

Saksnr Tittel

-
- | | |
|---------------|--|
| 063/14 | «Kirkelig Dialogsenter Bergen» - orientering, utkast til samarbeidsavtale (stiftingsdokument) og vedtekter |
| 066/14 | Valråd for bispedømerådsvalet 2015 |
| 067/14 | HØYRING NOU 2014:2 – Om betaling for kremasjon, gravlegging og grav |
| 068/14 | Høring - om oppdatering av retningslinjer for OVFs samfunnsbevisste investeringer |
| 069/14 | Første rapport om prosjektet "Menighetsutvikling i Folkekirken - MUV" |
| 071/14 | Eventuelt |

063/14: «Kirkelig Dialogsenter Bergen» - orientering, utkast til samarbeidsavtale (stiftingsdokument) og vedtekter

Behandling:

Vedtak:

1. Bjørgvin bispedømmeråd sluttar seg til og godkjenner vedtektene for «Kirkelig dialogsenter Bergen» med dei føringane som ligg i vedtektene. Unntak: § 12.5 som er foreslått endra til:

Ny tekst §12.5:

Styret ansetter daglig leder. Eventuelt andre medarbeidere ansettes av styret i samråd med leder. Foreningen er selv arbeidsgiver for egne ansatte. Styret kan inngå avtale om kjøp av eksterne ressurser.

2. Bjørgvin bispedømmeråd anbefaler sitt eige forslag til samarbeidsavtale (stiftingsdokument) overfor styret i KDB og Areopagos sitt styre.

3. Bjørgvin bispedømmeråd ber styret i KDB komme med forslag til nytt namn på tiltaket for endelig godkjenning i Bjørgvin bispedømme og hjå Areopagos før foreininga vert endelig godkjend i Brønnøysundregisteret.

066/14: Valråd for bispedømmerådsvalet 2015

Behandling:

Vedtak:

Bispedømmerådet drøfta oppnemninga av valråd for bispedømmerådsvalet 2015 og kom med framlegg til mogelege kandidatar.

067/14: HØYRING NOU 2014:2 – Om betaling for kremasjon, gravlegging og grav

Behandling:

Vedtak:

Bjørgvin bispedømmeråd ber administrasjonen skriva eit høyringssvar om NOU 2014:2 «Lik og likskap»

på grunnlag av saksutgreiinga og dei merknadene som kom fram i møtet.

068/14: Høring - om oppdatering av retningslinjer for OVF's samfunnsbevisste investeringer

Behandling:

Vedtak:

Bjørgvin bispedømmeråd tek oppdateringa av retningslinjer for Opplysningsvesenets fonds samfunnsbevisste investeringar til vitande. Bispedømmerådet ser seg glad for den etiske refleksjonen som ligg bak. Dei gode intensjonane krev også at det vert gjort ei tilsvarende god oppfølging av retningslinjene.

069/14: Første rapport om prosjektet "Menighetsutvikling i Folkekirken - MUV"

Behandling:

Vedtak:

Bjørgvin bispedømme takkar for rapporten frå MF/ Erling Birkedal om «Menighetsutvikling i Folkekirken - MUV» for perioden 2010 – 2013.

Bjørgvin bispedømme gratulerer Strusshamn, Storetveit, Voss og Austrheim kyrkjelyder med vel gjennomført 3-årig reise med «Menighetsutvikling i Folkekirken – MUV».

Bjørgvin bispedømme vil i framtida og legge til rette for kyrkjelydsbyggjande prosjekt, enten MUV eller andre prosjekt.

071/14: Eventuelt

Behandling:

Vedtak:

KYSTPILEGRIM I BJØRGVIN

1. Bjørgvin bispedømmeråd ser med glede på at prosjektet Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros no er lansert, med Heilagøya Selja som naturleg senter.

2. Kyrkja er ynskt som ein truverdig "innhaldsleverandør" i den vidare utviklinga av prosjektet og Bjørgvin bispedømmeråd vil prioritere arbeidet slik:

- I pilegrimsarbeidet generelt, sjå til at det blir rom for den åndelege opplevingsdimensjonen i kyrkjene, heilagstadane og naturen: stillhet, enkle ord, musikk og klanger.

- Inspirera til at det blir skipa pilegrimsutval lokalt, som får ansvar for å leggje til rette for pilegrimsruter i den einskilde kyrkjelyden.

- Inspirera til fleire opne kyrkjer langs pilegrimsleia

- Saman med prosjektet Kystpilegrimsleia, Riksantikvar, kommunar og fylkeskommunar, arbeide for å sikre ein heilskapleg profil og tankegang i den vidare utforminga av leia.

- Saman vidareutvikle og aktivisera leia med utgangspunkt i stoppestadane frå lanseringsferda 2014. Vere ein aktiv premissleverandør av kriterier for tenleg definisjon av Kystpilegrimsstader.

- Aktiv arbeide for ei nasjonal markering av 1000 årsmminnet for Heilage Olav si landstiging på Selja i 2015.

3. Bjørgvin bispedømmeråd vil ikkje kunne priritere å bruke egne økonomiske midler, men vil bidra med kompetanse og nettverk.

Grunna tekniske vanskar ved overgang til ny websak blir følgjande saker ikkje med i endeleg protokoll, men høyringssvar vert sendt ut frå vedtak og merknader som kom fram i møtet:

HØYRING: Premiss. Kulturplan for Hordaland 2015-2025.

HØYRING: Forslag til å fjerne henvisning fra fastlege når kvinner begjærer abort vart og drøfta

HØYRING: Endring i utlendingsforskriften – Varig ordning for lenge værende asylsøkere vart og drøfta

HØYRING: Endring i utlendingsloven (24-års grense for familiegenforening) og HØYRING: Endringer i utlendingsforskriften (Heving av underholdskravet og ny hjemmel for unntak), innspel til høyringssvar vart gitt i møtet.